


Ljåmobakken

Namn på plassen	Ljåmobakken, Dalabakken
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM32 7015231N 541969Ø
Høgde moh	50
Tilstand	Borte. Nye hus i området
Plass under	Ljåmo
Gnr. Bnr.	Under 20/3
Tidsperiode	1626-45, 1755-ca. 1860
Erich Ljåmo	1626-33
Søren Ljåmo	1645
Erich Olsen	1755-1772
Ole Erichsen	1772-1830
Berit Olsdtr	1830-1844
Ole Jacobsen	1844-ca.1860
Omtale:	



Flyfoto 1957



Det var ein husmannsplass på Ljåmo tidleg på 1600-tallet. Det må være lov å forutsette at dette var Ljåmobakken.

Erich Ljåmo var husmann 1626-33, og Søren Ljåmo ved kopskatten i 1645. Han var enkemann og hadde ein sønn Balitzar.

Ved ekstraskatten 1762 var Erik Olsen og Marit Torgersdtr husmannsfolk, med dattera Beret født 1738. Dei hadde tidlegare vore husmannsfolk på Kvamsbakken. Erik og Marit vart gift i 1755. I tillegg til dottera Beret fekk dei i 1756 sønnen Ole. Marit døydde i 1766 og Erik i 1772. Beret vart i 1798 gift med Iver Haldosen Hongso, og dei vart husmenn på Leervei under prestegarden.

Sønnen Ole Eriksen overtok etter faren og bodde der med familien i 1801. Han vart i 1790 gift med Beret Olsdtr Klefsås født 1759, og dei hadde i 1801 barna Eric født 1790 og Guru født 1793. Guru vart i 1820 gift med Ole Jacobsen Hofsøren, men før det hadde ho i 1815 fått sønnen Ole med Ole Ingebrigtsen Bachsæter. Ole Eriksen døydde i 1830, og Beret i 1844.

Andreas Olsen var innerst hos Beret. Han var gift med Beret Rasmusdtr og fekk dattera Ingeborg i 1830, sønnen Ole i 1832 som døydde året etter. I 1865 bodde denne familien på Sundlimo.

Anders Iversen var innerst her i 1839 da han fikk dattera Beret som døydde året etter. Han var gift med Petronella Olsdtr. I 1842 fekk dei ei ny datter som dei også kalte Beret.

Etter at Beret Olsdtr døydde i 1844 overtok svigersønnen Ole Jacobsen Hofsøren og Guru Olsdtr. plassen. Ved folketellinga i 1865 bodde Guru på Ljåmoegga hos sønnen Ole Olsen. Ole Jacobsen hadde døydd i 1864 på Ljåmoegga og Guru døydde i 1869. Plassen kom ut av bruk etter at Ole Jacobsen og Guru Olsdatter flytta til Ljåmoegga.

Ekstraskatten 1762

Type	FamStatus	Førenavn	Farsnavn	Kjønn
Husmenn og inderster	Mann	Erik	Olsen	M

Husmenn og inderster	Kone	Marit	Torgersdtr	K
Husmenn og inderster	Datter	Beret	Eriksdtr*	K

Folketelling 1801

Førenamn	Farsnamn	Fam.st.	Alder	Siv.st.	Yrke	Kjønn
Ole	Erichsen	Husfader	45	Begge 1 gang	Husmand	M
Beret	Olsdtr	Hans kone	42	Begge 1 gang		K
Eric	Olsen	Deres børn	11			M
Guru	Olsdtr	Deres børn	8			K
Ane	Larsdtr	Inderste	30	Ugift	Daglejer	K
Anders	Rasmusen	Hændes barn	1			M